



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1949

Namnet på vatnet

Kommune

Myrsetvatn, Gamla skard vatn
Ljuskeisvatn, Tenehei-vatn
Suldal

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

V E N E H E I - V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 18. september 1979.

Vatnet ligg i Suldal kommune, vest for Mosvatnet og Langhaugvatnet, og sør for Venehei.

Arealet er omlag 5 ha. og h.o.h. ca. 670 m.

Stranda består for det meste av stein og fjell som går over til gjørmebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er sparsam vegetasjon i strandsona, men noko botngras vil ein finna einskilte stader.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, med spreid bjørkeskog, noko snaufjell og myr.

Div. småbekker fell inn i vatnet og avlaupet renn ut i nord til Lunneskardvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 4.9 som reknast å vera for surt for rogn og yngel.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 0.75 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 1.00 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 16.2.

Gjennomstrøyminga er liten.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 3 garn av ymse maskestørleik (omf. 18-24-30) men det lukkast ikkje å få ein einaste fisk. Mykje talar for at vatnet er fisketomt, eller i alle høve inneheld eit minimalt fiskebestand.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt. Vidare er det grunn til å tru at vatnet er fisketomt.

Nedslagsfeltet for Venehei-vatnet er skrint, og med harde og sure bergarter i undergrunnen. Dette er ikkje i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein i dag får, og fylgjeleg fører det til eit sterkt surt vatn. Til tider av året vil pH vera i underkant av dei målingane vi foretok og dermed vil ikkje rogn og yngel kunna overleve. Det er all grunn til å tru at større settefisk vil greie seg.

Praktiske tiltak.

For å halde eit fiskebestand i Venehei-vatnet i åra framover, må ein basere dette på utsetjing av settefisk. Noko stort fiskebestand vil ikkje vatnet tåle, men eit mindre bestand vil kunna gi matnyttig fisk.

Reknar vi med ei avkastning på ca. 3.0 kg pr. ha. tilsvarar dette 15 kg pr. år. Om vi vidare reknar med ca 4 fiskar på kiloet ved gjenfangst skulle ein årleg kunna fiske ut 60 fiskar. Ein viss avgang vil det alltid vera, slik at høvande utsetjingstal kan setjast til 75 settefisk pr. år.

Fisken bør merkast ved ulik finneklipping kvart år for seinare å kunne kontrollere resultatet av utsetjinga.

Når det gjeld surheita er det lite å gjera med dette. Tilføring av gjødsel og kalkstoff ville nok gi eit positivt utslag, men det vil falle for kostbart i høve til forventta avkastningsauke.

I små og grunne vatn med liten gjennomstrøyming kan slike eksperiment vera interessante, men det vil ha lite for seg i Venehei-vatnet. Det heile er både arbeidskrevjande og kostbart, og det er ikkje noko eingongsaffære, då gjødselverknaden vil bli utvaska og ny gjødsel må tilførast.

Vi får til slutt vone på eit internasjonalt samarbeid for å minske luftforureininga, slik at det på ny kan bli betre tilhøve for auren i mange vatn.

Stavanger 5/2 1980

Einar Berg